

---

**Fra:** Ingvill Osland <Ingvill@tippetue.no>  
**Sendt:** tirsdag 24. november 2020 16:45  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** Lennart Falkenberg-Arell; Merethe Tvedt  
**Emne:** Søknad om endring av detaljplan for Eidsnes Næringsområde planID 201115\_justert materiell\_søknad om mindre endring  
**Vedlegg:** 5\_Reguleringsendring Eidsnes Næringsområde\_varselbrev utkast.docx; 6\_Reguleringsendring Eidsnes Næringsområde\_Nabo-&varslingsliste til vurdering.pdf; Landskapsanalyse\_gjeldende reguleringsplan 3.5.2012 (250859).pdf; Naturmangfaldsrapport\_gjeldende reguleringsplan 10.5.2012 (250858).pdf; Trafikkvurdering\_gjeldende reguleringsplan 18.12.2012 (250860).pdf

Vedlagt er søknad om reguleringsendring med justert planmateriell jf. førebels tilbakemelding frå kommunen.

Det er ynskjeleg at søknad om endring kan handsamast som ei mindre endring etter pbl. 12 – 14. Oversendinga har 2 delar. Dette er del 2 av 2.

-----  
Førebels tilbakemelding frå kommune viser til fylgjande oppsummerte punkt, med kommentar frå forslagsstillar:

- Tilbakemelding: Feil / manglande skrift i teiknforklaringa. Tekst er for liten.  
Kommentar: Teiknforklaringa mangla ikkje ved oversending så det kan synes som om det oppstår feil ved opning / lesing av pdf-dokumentet. Tekst er gjort større.
- Tilbakemelding: Siktelinjer bør vurderast vist i plankartet sjølv om det ikkje kjem fram av det opprinnelege plankartet.  
Kommentar: Areal med krav til sikt er vist i plankartet for det sørlegaste krysset, og medfører at vegen nord/sør (f-SKV1) har forkjørrett og må skiltast deretter, og etter søknad hos skiltmyndighetene. For krysset lengst nord er det ikkje mogleg å vise krav til sikt innanfor planområdet. Fartsgrensa på fylkesvegen er høgare i dag enn i 2012 og premissa for berekning av siktlinjene er endra.
- Tilbakemelding: Teiknforklaringa må vise gjeldande SOSI-versjon, dato og kommunelogo. Siste rad i teiknforklaringa kan slettast.  
Kommentar: Utført.
- Tilbakemelding: Teiknforklaringa må være mest mogleg lik opprinneleg utforming av teiknforklaring til gjeldande plan. (Teiknforklaringa er på venstre side)  
Kommentar: Teiknforklaringa er tilpassa teiknforklaringa i gjeldande plan – i den grad det er mogleg i gemini. Det synes fornuftig at teiknforklaringa er plassert på høgare side, som vil vere den same plasseringa som for kartblad 2.
- Tilbakemelding: Opprinneleg plan omfatta 2 plankart. Forslagsstillar må avklara med dei kommunale avdelingane Plan & analyse v/ Terje Villanger og leiar for Kart og oppmåling Tommy Veland om oppdatering av teiknereglar må og gjerast i plankart 2, slik at heile planen heng saman (sjå vedlegg 6).  
Kommentar: Dette er snakka om med sakshandsamar, og er ikkje ei endring som skal høyrast / varslast. Dersom kommunen konkluderer med at plankart 2 skal oppdaterast så kan det gjerast seinare i prosessen. Planføresegna er utforma slik at det også gjeld for arealformåla i kartblad 2. Dette er forklart i planinitiativet.

I tillegg – og etter avtale med sakshandsamar – er naturmangfaldsrapport (2012), landskapsanalyse (2012) og trafikkvurdering (2012) tilhørende gjeldende plan lagt ved oversending til informasjon. Dei er også kort kort kommentert / referert til i planskildringa.  
Det er også gjort mindre justeringar i føresegna iht. tilbakemeldinga.  
Det er gjennomført sosi-kontroll.

Med vennlig hilsen  
Ingvill Osland  
Faglig leder plan, miljøgeograf



Tippetue Arkitekter AS, Plan og Arkitektur  
Sandviksbodene 5  
5035 Bergen

Tlf: 55563301  
Mobil: 97606746

Web: [www.tippetue.no](http://www.tippetue.no)

Facebook: <http://www.facebook.com/pages/Tippetue-Arkitekter-as/>